

# Leiarmøte Rogaland Sau og Geit 19-20 oktober

Radisson Blue Hotell, Haugesund

## **Fredag 19. oktober**

Møtestart kl 13.00

### **Velkommen ved ordfører i Vindafjord Kommune, Ole Johan Vierdal**

Ole Johan Vierdal presenterte Vindafjord Kommune som ein sterk og mangfaldig kommune både innan landbruk og næringsmiddelindustri. Kommunen har heile 380 gardsbruk fordelt på dei tre dyreslaga svin, småfe og storfe. Han understreka kor viktig det er å sjå på seg sjølv som ein del av eit større miljø, då mange bønder er einsamme og driv med sitt «på si tuve». Ei av utfordringane i landbrukskommunen Vindafjord er godkjent areal for spreining av husdyrgjødsel. I fare for å koma i den situasjonen at sauene må vike i mangel på godkjent areal, ønskte Vierdal at ytterligere areal, både i innmark og utmark, kan verta godkjent til dette føremålet.

Ordføreren avslutta med å ønske RSG lukke til med både leiarmøte framtidig lagsarbeid.

## **Opprop**

Dei fleste lokallag var representerte, men desse hadde meldt forfall: utan Vikedal og Imsland som ikkje stilte med sin representant. Halsnøy, Jøsenfjord, Kvitsøy, Nærbø og Sandeid. Vikedal og Imsland var påmeldt, men møtte ikkje.

## **Innleiing ved leiar i RSG – Håvard Helgeland**

Håvard Helgeland ønskte alle velkommen til Haugesund og leiarmøte, og skrøyte over godt oppmøte. Han oppfordra leiarmøte til å ha fokus på det positive i næringa og understreka kor viktig det er å snakke seg sjølv, og kvarandre, fram i ei krevjande tid. Det er viktig å hugse på at det er sauene og geita si fortjeneste at det ser fint ut rundt oss. 2018 har hatt utfordrande beite- og avlingssesong mtp tørr sommar og våt haust. Helgeland avslutta med ønske om eit godt leiarmøte, med engasjement og gode diskusjonar.

## **Viktigheita av beitande dyr for kulturlandskapet og reiselivet – Reidar Mykletun, Professor**

Reidar Mykletun heldt eit innhaldsrikt og aktuelt foredrag med fokus på viktigheita av beitande dyr for kulturlandskapet og reiselivet. Det er samspelet mellom menneske og dyr som er avgjerande for pleie av landskapet rundt oss. Viktige moment i fordraget var å ha fokus på dei gode ambassadørane for landbruket, som nødvendigvis ikkje alltid er sauene i næringa sjølv. Sauehaldet må profilerast som dyrevelferdsmessig framtidensretta, som ein

klimavenleg produksjon (Det grønne skifte) og økologisk rett. Sauen og Geita er frittgåande, finn maten sin sjølve, produserer ull som ikkje forureinar, kan beite og leve i heile landet – og difor gje kortreist mat og arbeidskraft i heile bygdene.

Mykletun fokuserte også på moglegheita ved å bruke garden som ressurs for turistar. Den nye typen turistar ønskjer å vera aktive. Kan garden tilby overnatting og dyrestell? Det er faktisk ei auka interesse for klima me har her nord, som både er vått og kaldt og friskt.

## **NSG – Kjell Erik Berntsen**

Orienterte om markedsituasjonen, og synleggjorde forholdet mellom tilgjengeleg lam- og fårekjøtt i markedet og etterspurnaden frå forbrukar. Markedet er i ei overskotssituasjon på 1000 tonn kjøtt, og det er usikkert korleis situasjonen utviklar seg på kort sikt. Behovet for produksjonsregulerande tiltak vert vurdert og det må jobbast med å endre forbrukarmønsteret, slik at folk et meir lammekjøtt.

Innspel :

- Suldal: Kvifor vert det ikkje sett eit skilje mellom import av sau og import av lam?
- Suldal: Kvifor er det eit aukande fryselager av saueslakt?
- Svar: Lagerstatus av sau kan skuldast nye telledator. Desse forstyrrer status der me samanlikner år. Kun 10% av 1000 tonn har gått til pelsfôr, 200 tonn halalkjøtt er eksportert til austen. Oppfordrar til å vurdere forlenga levetid på sauen som vil bidra til færre saueslakt.
- Egersund: Saueprosjekta har lukkast med ei auke innan sauehaldet, no må slakteria ta ansvar for salet. Lokallaga må framsnakke næringa og ha gode og positive møte
- Gjesdal: Ber om orientering ang landsmøte NSG og fagbladet «Sau og Geit»
- Svar: NSG har eit velfungerande styre med gode diskusjonar og felles tankar. Samtlige medlem i styret er deltakande og har felles mål. Medlemsbladet Sau og Geit er i full produksjon og skal halde fram som eit fagleg magasin for sine medlem.
- Gjesdal: Utfordrande med å få fram haldbare sauer. Stor utrangering pga jurhelse
- Helleland: Beklageleg med ein aukande trend for å kaste mat
- Lund Væring: Nødvendig med gode folkevalde i dyrenemdene for å ha god dialog mellom mattilsyn og sauenæringa

## **Lokallaga sin time**

- Lund: Utfordra Sør Jæren til å fortelje om sin aktivitet i laget
- Sør Jæren: Stort lag med mange medlem og 6 erfaringsgrupper og eige kvinnegruppe og Ungdomsgruppe. Har god oppslutnad på arrangement og godt miljø. Arrangerer bla sauebingo og julegruat utan program
- Egersund: Det er utfordrande å finne eldsjeler og engasjement. Oppfordrer fylkeslaget til å stille på regionsmøter og arrangere stormøter med fagleg innhald

- Gjesdal: Utfordrande å finne fengjande tema og føredragshalderar
- Bjerkreim: Melder om eit aktivt år i lokallaget. Gode erfaringar på sal av t-skjorter. Utsilling av godsauen og involvering av ungane er viktig. Møte med fokus på sauekontrollen for unge bønder og seminkurs. Arrangerte NM i gjetarhund og har hatt samla kåring med væreringane. Har fokus på verving, og får oversikt på generasjonsskifte frå landbrukskontoret. Arrangerer Sauekafe om våren
- Sokndal og Heskestad: Saknar informasjon på lokallaga sine heimesider. Her kan ein få gode idear og inspirasjon om alle deler. Oppfordrer til å bruke nettsidene
- Hjelmeland: Må verne om omdøme til sauebonden. Invitêr mattilsynet til dialog for å finne felles løysingar mtp dyrevelferd
- NSG: Det er ønskjeleg å få fleire ungdomar inn i organisasjonen. Vil opprette ungdomsråd i NSG
- Gjesdal: Frykter at sauenæringa vil koma i same situasjon som svinenæringa
- Karmøy: Lokallaget har samarbeid om møte saman med mattilsynet, med tema dyrevelferd og gjeldande krav til sauenæringa
- Suldal: Utfordrande med sauefrie fjellområde og nedlagte gardar som treng fornya gjerde. Sau og Geit bør koma i dialog med kommunane om gjerdeplikt på tomme gardar og beiteområde
- RSG: NSG må ta del i den aukande konflikten mellom beitebruk og jakt/fiske-interesser
- NSG: Utmarksrådet må ta tak i dette
- Fatland: Kan det utarbeides ein felles mal for kva dyr som er transportdyktige?
- Rennesøy: Næringa bør bli flinkare på å utrangere produksjonsdyr tidlegare
- RSG: Oppfordrer alle lokallag til å rydde opp i medlemsregister via «mi side»
- RSG: Ønskjer fleire gjetarhundkurs gjennom lokkallaga, og fleire hundar med godkjent gjetarhundprøve

NSG: ønsker å opne muligheter for å vippse medlemskontigent.

## **Smårasane sin time**

Innspel:

- RSG sin smårasekontakt skal vera kontaktleddet mellom fylke- og landsnivå
- Må sette ein mal for kåringsreglane i god tid før kåring
- Ønskjer ein stilling i NSG som har ansvar for smårasene og som fungerer som kontaktperson
- Vil lage presentasjon for kvar rase som presenteres på dommersamlinga
- Ønskjer at gamle semindosar vert tatt ut
- Ønskjer sirkulering av dommarane på kåring

## **Værringane sin time**

Innspel:

- Nye medlem bør testast for mædi, og sjekkast for fotråte
- Diskusjon på gransking i eigen flokk
- Ønskjer å få til møte med ringane og avlssjefen for å diskutere gentesting
- Kvifor så lang tid før opplysningar frå Animalia kjem inn til NSG
- For dyrt med veterinærattest etter kåring
- Ønskjer ikkje krav om fleire obligatoriske registreringar

## **Oppsummering Kåring – Arnhild Skjørestad, Kåringsansvarleg RSG**

Arnhild orienterte om dei nye forskrifta for dyrehelse, og korleis dei påverka kåringane i haust. «Eigenerklæring» på buskapsnivå måtte obligatorisk leggjast fram for å kunne kåre værlam. Mønstring av lam er ikkje tillat som følge av soneforskrifta for småfe.

Rogaland er det fylket det er kåra flest lam i landet. Trass heile 1600 lam til kåring, ser det ut til å vera ein tendens til nedgong i antal påmeldte . Vrakingsprosenten er noko låg samanlikna med andre fylke. «Etterkåring» av lam er eit tilbod for seint heimkomne dyr, men flest mogleg lam til ordinær kåring er eit mål.

Innspel:

- Gjesdal: For mange lam av farga spæl vraka grunna ullkvalitet
- Avlsutvalet: Det er sendt inn henvendelse til avlsrådet ang kåring av farga spæl
- Suldal: Ønske om endra praksis av værlammønstring
- Skjold: Er det lik praksis for ullvurdering av farga spæl i alle fylker?
- Nedstrand: Det må vera like krav til seminværer som til kåra værlam, mtp ull
- Bjerkreim: Værringane bør inviterast på med på dommersamling
- Sauda: Synte flott film frå kåringa og «Bønder i byn»-arrangementet

## **Orientering frå valnemda, Hanne Lundal**

Lundal orienterte om valnemda sitt arbeid gjennom regionane. Valnemda ønskjer gode innspel til kandidatar til valnemda.

Innspel:

- Time: Ønskjer informasjon om kva valnemda er på jakt etter
- Egersund: Ønskjer at årsmøtet får inn fast sekretær

## **Slakteria orienterer**

Fatland, Tore Oftedal

Presenterer seg som ny i både slakteri og RSG-miljøet. Deler nokre erfaringar med si fartstid i næringa. Salget av sau har gått godt, både til spekemat og grillmat. Lam sal går utruleg godt, auka sal av lam. Fatland håper på at pris på sau kan snu hausten 2019.

#### Prima, Leif Håkon Korsbø

God slaktesesong så langt. Prima ønsker å legge til rette for levering av tidlege lam i forkant av hasuten for å koma i gong med salet. Hausten -18 gav gode slakt tidleg i sesongen, og skrøyter over bøndene som tilpassar seg levering av lam etter slakteriet sitt behov for råvare. Viktig å fokusere på det positive og det å vera synlege sauebønder. Oppfordrer til auka innmelding i sauekontrollen.

#### Nortura, Siri K Haugland

Gode leveringar til Nortura heile hausten, trass krevjande sesong. Slaktevekta og feittprosent har auka frå 2017. God dekning i markedet, lamma kom inn når salet var godt. Understreka kor viktig det er at næringa har god dialog med mattilsynet. Oppfordrer til å halde att små lam for levering - ikkje send dyr til slakteriet som ein ikkje ønskjer å eta sjølv.

Møteslutt kl 18.45

## **Laurdag 20 oktober**

Møtestart kl 9.00

### **«Korleis auke innteninga til småfenæringa» Bondelaget, ved Jan Idar Haugen**

Haugen presenterte Rogaland Bondelag som det største fylkeslaget i landet og saknar større oppslutnad av sauebønder blant medlemsmassen (snaue 50%). La fram utviklinga på antal bruk, antal slakt og kvaliteten på lammeslaktet dei siste åra. Oppfordra Sau og Geit til å vera aktive i debatten før jordbruksforhandlingane. Markedstilpassing og produktivitetsutvikling vil vera ei føresetnad for inntektsgrunnlaget. Gjør oppmerksom på indirekte og direkte tilskot som produksjonsregulerande faktorar.

#### Innspel:

- Ser Bondelaget føre seg produksjonsregulerande tiltak som kvoter?
- Kva vil Bondelaget gjera for å auka salet av geit/kjekjøt
- Må kjøtprisen på lam og sau til botn for å godta reduksjon av mordyr
- Produksjonskvoter på sau er skremmande

- Sau og Geit har vore for sløve i debatten i forkant av jordbruksforhandlingane
- Innføring av gjerdetilskot

### **«Korleis auke innteninga til småfenæringa» Bonde- og småbrukerlaget, v Nils Melbøe**

Melbøe redegjorde for produksjonsregulerande tiltak i andre produksjonar. Det er naudsynt med balanse i markedet for å kunne auke innteninga til sauebonden. 10% produksjonsreduksjon ute på sauebruka, vil gje auka inntekt til bonden. Sau i utmark må løne seg, noko som sikrar kulturlandskap og biologisk mangfald. Skal sauenæringa vere med på eit såkalla «pyramidetilskot» som i dag er innført på melkeproduksjon?

#### Innspel:

- Bør vera forsiktige med å innføre tak på sauetal pr bruk. Det er stor skilnad mellom bruk der sauedrifta er ein tilleggsproduksjon og bruk der sauedrifta er leveveg
- Ueinig i at lammeslakttilskotet er kraftfôdrivande
- Burde alle sauebønder ta to saueslakt i retur for å redusere overskotet?

### **Nytt frå rovdyrnemda, Magne Jakob Bjørheim**

Orienterte om rovdyrnemda sitt arbeid i 2018. Rovdyrnemda er representert i ei arbeidsgruppe samansett av dei ulike landbruksorganisasjonane i fylka Rogaland, Hordaland, Telemark, Aust og Vest Agder. Arbeidsgruppa jobber med å få felling av skadedyr i beiteområde. Bjørheim melder om godt samarbeid mellom organisasjonane, og god dialog med fylkesmennene i dei involverte fylka. Rovdata tyder på auka yngling i rovbstanden.

### **Grovfôrsituasjonen – korleis ligg det an, og korleis fôre gjennom vinteren? NLR, v Ole Arnfinn Røysland**

Røysland heldt eit detaljert og godt informativt innlegg om korleis fôre sauen gjennom vinteren. Viser til presentasjon lagt ved.

## **Rogaland Gjetarhundlag, v Jakob Vetrhus**

Takka for invitasjonen til leiarmøte. Fortalte om arbeidet og oppgåvene laget har gjennom året, som gjetarhundkurs, gjetarhundprøvar og fylkesmeisterskap. Gjetarhundlaget har hatt utfordringar i samarbeidet med RSG. Håpar på god dialog og samarbeid med fylkeslaget framover. Gjetarhundlaget har utfordringar knytta til å forsvare medlemskontigenten, som hovedsakleg går til kursing av instruktørar. Lokkallaga oppfordrast å halde kurs i sine kretsar.

Innspel:

- Korleis motivere unghundar til å til å reise på nursery-prøven i nord-Noreg
- God mediadekning av arrangement er viktig, kan bli betre dialog mellom gjetarhundlaget og RSG

## **Oppsummering**

Håvard Helgeland oppsummerte innhaldet i leiarmøte med stikkorda overskot av lammekjøtt, avle fram haldbare sauer, kva lam vil forbrukaren ha? Kva skal bonden produsere?

Innspel

- Framleis mange spørsmål knytta til markedssituasjonen av lammekjøtt
- Overskotet av lammekjøtt må ikkje gå utover kvaliteten av lammeslaktet
- Fosterteljning vil gje oversikt på produksjonen 2019
- Vera obs på ei aktuell utvikling i endra retning med balanse
- Viktig med langsiktig perspektiv på markedssituasjonen

Møteslutt kl 12.00